



Voss herad



# VETERANPLAN

2020 – 2024



# Grunnlaget for veteranplanen

Fridom er ikkje noko me kan ta for gitt. Det er lenge sidan det var krig i landet vårt. Men det har vore, og er andre, konfliktar i verda, der nordmenn har bidrege i kampen for fred.

Sidan 1947 har 100 000 nordmenn tenestegjort i internasjonale operasjonar på våre vegne. Dette omfattar 100 operasjonar på fire kontinent. Sidan oppstarten av FN-operasjonen i Libanon i 1978 har meir enn 40 000 nordmenn bidrege i freden si teneste for Noreg og det internasjonale samfunnet. Folk som har bidrege i slike operasjonar, vert kalla veteranar.

Oppleving av krig og konflikt kan vera traumatiske og setja spor, både for veteranane sjølve, men også for pårørande og familie. Varetaking av veteranar frå internasjonale operasjonar er eit samfunnsansvar for alle sektorar, og spesielt for den kommunen veteranane bur i.

I arbeidet med veteranplanen har Voss herad samarbeidt med kompetansemiljø lokalt og nasjonalt. Planen er utarbeidd i samarbeid med NAV, Forsvarets veteraneneste, Regionalt ressurscenter om vold, traumatiske stress og sjølvmordsførebygging (RVTS), Skadde i internasjonale operasjonar (SIOPS), og Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner (NVIO).

Voss herad skal bidra til at innbyggjarane har det godt. Voss herad sin veteranplan byggjer vidare på Regjeringa sin oppfølgingsplan, og tiltaka omhandlar tema som anerkjenning, varetaking og oppfølging.

I Voss herad er det over 200 veteranar som har tenestegjort frå 1978 og til i dag. Veteranar frå operasjonar før 1978, til dømes Tysklandsbrigaden, må leggast til dette talet. Vestlandet har ein sterk forsvarstradisjon, noko som kan vera bakgrunnen for at talet på veteranar lokalt er høgt.

## Tiltaksplan

Voss sin veteranplan vil fokusera konkret på 14 tiltakspunkt for å nå målet om auka anerkjenning, varetaking, og oppfølging.

Tiltaka markerer ei vidareføring av kommunen sitt veteranfokus, og vil fungera som inspirasjon til vidare arbeid for å fremja veteranane sin posisjon i samfunnet. Tiltaka vil verta tilpassa etter kvart som samfunnet endrar seg.

Måla for heradet sin veteranplan og tiltaka:

- Anerkjenna, vareta, og følgja opp veteranane våre før, under og etter internasjonal teneste for Noreg.
- Gjera det enklare for heradet å fylla rolla si som primær tenesteleverandør for veteranane sine behov i lokalsamfunnet.

- Auka samhandling i heradet, slik at veteranar og familiene deira vert møtte med gjennomgåande kompetanse og forståing.
- Fungera som eit opplysnings- og informasjonsdokument for både veteranar, heradet og lokalsamfunnet som heilskap.

Veteranar har delteke i operasjonar på vegne av den norske stat. Sjølv om dei ikkje har formelle rettar som gjev prioritet i det sivile helse- og velferdstilbodet, er det eit viktig ledd i anerkjenninga av innsatsen deira at dei opplever dei kommunale tenestene som tilgjengelege og samordna. Implementering av tiltaka under vil kunne bidra til dette.

# Anerkjenning

Heradet skal visa anerkjenning for den innsatsen veteranane har gjort gjennom deltaginga si i internasjonale operasjoner. Det kan vera ulike oppfatninger når det gjeld grunnlaget for norsk deltaking i krig og konflikt. Uavhengig av dette fortener den einskilde veteranen anerkjenning og respekt for viljen til å risikera liv og helse for landet.

Seremoniar og offentlege markeringar er eit viktig og synleg uttrykk for samfunnet si anerkjenning av både innsatsen og den einskilde veteranen. Dette bidreg til å vareta historia og knyta band mellom forsvaret og samfunnet. Lokale markeringar er viktige for å synleggjera at veteranane er ein del

av lokalsamfunnet.

8. mai er Noreg sin frigjerings- og veterandag. Dette er den viktigaste dagen for å markera anerkjenning av veteranar frå andre verdskrig, og samstundes trekka linjene fram til veteranar i dag. Minnesmerke etter falne frå andre verdskrig finst i mange av landet sine kommunar. I tillegg finst det minnesmerke overfalne og innsatsar i nyare tid.

## Tiltak

8. mai, frigjerings- og veterandagen	Kommunen vil styrkja det årlege 8. mai-arrangementet for veteranane i heradet, med ordføraren som ansvarleg. Alle veteranar i heradet vert inviterte til eit ope arrangement med familie og pårørende. Det vert gjeve rom til ein veterantale under arrangementet. Veteranar utanfor kommunen vert oppmoda om å delta. Det er eit ynskje at arrangementet vert lagt til Vangskyrkja på kveldstid. Arrangementet på Bømoen vil vera som før, kl. 1000.
FN-dagen	Skulane vert oppmoda til å nytta lokale veteranar i undervisninga i samband med FN-dagen 24. oktober, eller der det vil passa med undervisningsplanane. Dette for å synleggjera Noreg sitt bidrag i internasjonale operasjoner.
Monument og flagging	Det skal utarbeidast ein vedlikeholdsplan for monumenta. Rutinar for flagging skal fornyast. Det vert drøfta om det skal etablerast ein minnelund med veteranmonument vest for Vangskyrkja, sjå eige utarbeidt framlegg her.

## Ansvar

8. mai: Ordføraren

FN-dagen: Oppvekst

Monument og flagging: Kultur og fritid



Medaljeseremoni: Veteranar på Voss får utdelt fortenevestemedaljar.



17. MAI 1990.

Markering av nasjonaldagen er til stor glede blant barna i Ebel es Saqi.

Bilete frå utanlandstenesta

# Varetaking

Kommunane er ansvarlege for at personar som er busette i kommunen skal få tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. For fastlegar og tilsette i kommunane vil det vera viktig

å vita at internasjonale operasjonar kan vera årsak til fysiske og psykiske helseplager, også når hendingane ligg langt tilbake i tid.

## Tiltak

Veterankontakt	Kommunen opprettar ein communal veterankontakt. Veterankontakten vil ha ansvar for å halda oversikt over kommunen sitt tilbod til veteranar og familiene deira. I tillegg skal veterankontakten ha kunnskap om sentrale aktørar innanfor feltet, og det tilbodet dei har. Veterankontakten vil vera kommunen sitt kontaktpunkt for veteranar, andre samarbeidskommunar, aktørar innanfor feltet, og for forsvaret.
Born som pårørande	Familiesenter og skulehelseteneste har ansvar for å fanga opp born og unge som kan ha behov for ekstra støtte og bistand.
Årleg gjennomgang	I forkant av 8. mai-arrangementet gjennomgår heradet korleis tiltaka i veteranplanen vert implementerte i lokalsamfunnet. I tillegg vert eventuelle nye arrangement planlagde i samarbeid med veteranorganisasjonane.
Kommunehelsetenesta	Kommunehelsetenesta nyttar seg av kompetansemiljøet ved Regionalt ressurssenter (RVTs) for å styrka den faglege kompetansen der det er behov.
Nettside	Veteranplanen vert lagt ut på Voss herad si nettside, som ein digital versjon av Voss herad sin veteranplan.
Informasjonsmateriell	Det skal utformast informasjon om heradet sitt tilbod for veteranar. Informasjonen skal vera tilgjengeleg for samarbeidspartar.

### Ansvar

Veterankontakt:

**Born som pårørande:**

**Årleg gjennomgang:**

**Kommunehelsetenesta:**

**Nettside:**

**Informasjonsmateriell:**

Rådmann/innbyggjarservice

Helse og omsorg, oppvekst, kultur og fritid

Innbyggjarservice

Helse- og omsorg

IT

Innbyggjarservice



# Oppfølging

Oppfølging vil alltid skje med bakgrunn i eit definert behov. I denne samanhengen vil dette kunna gjelda både veteranen som har delteke i internasjonale operasjoner, og familie og pårørande.

I dei tilfella der veteranar har fått utfordringar som følgje av tenesta si i internasjonale operasjoner, vil dette også kunne få følgjer for familiene deira og andre pårørande. Problematikken kan vera kompleks, og involvera fleire kommunale instansar. Samhandling og forståing for dei ulike faginstansane si rolle i handteringen av komplekse problemstillingar kan vera viktig for ei god oppfølging.

Forsvaret har lagt til rette for at den einskilde veteranen kan få overført helsejournalen sin fra tenesta si forsvar til fastlege eller andre helseinstitusjonar, dersom vedkomande ynskjer dette.

Forsvaret har dessutan eit avgrensa helsetilbod til veteranar i forsvarets sanitet ved Institutt for militærpsykiatri og stressmestring (IMPS), og ved Nasjonal militærmedisinsk poliklinikk (NMP).

Dette er eit supplement til sivilt helsevesen og, eit lågterskelttilbod for veteranar fra internasjonale operasjoner.

## Tiltak

Samskaping	Voss herad og veteranforeininga NVIO skal møtest årleg for å evaluera veteranplanen, og sjå på samarbeidsmogelegheiter i samband med 8. mai-arrangementet.
Skule og barnehage	Heradet bør gjennomføra tiltak for å auka kompetansen om veteranar og betydinga av erfaringane deira og utfordringane til familiene deira, spesielt borna. Kompetansemiljøa ved RVTS bør involverast for å bidra til dette.
Fagdag	Voss herad, i samarbeid med RVTS og Odda familievernkontor, kan bidra til å få veteranperspektivet inn i relevante fagdagar i skule og barnehage.
Kommunehelsetenesta	Heradet sine helsestasjonar skal vera merksame på eventuelle behov for ekstra støtte og rettleiing til familiarer der eit familiemedlem er, eller har vore, i internasjonale operasjoner. Helsesjukepleiar skal sikra oppfølging til familien, og spesielt til borna i familien, gjennom arbeid i helsestasjonen og skulehelsetenesta. Helsesjukepleiar kan vera ei god støtte for familien, og kan gje informasjon om andre støtte- og hjelpe tilbod.

## Ansvar

Samskaping:

Veterankontakt

Skule og barnehage:

Oppvekst- og kulturavdelinga

Fagdag:

Helse- og omsorgsavdelinga

Kommunehelsetenesta:

Helse- og omsorgsavdelinga

I tillegg til desse tiltaka ynskjer Voss herad å sikra god individuell oppfølging av innbyggjarar som melder at dei har behov for oppfølging. NAV Voss

bør ha ein eigen kontaktperson i NAV Voss når det gjeld oppfølging av veteranar.

## Tiltak

NAV Voss	NAV Voss sikrar at alle tilsette vert gjort kjente med veteranplanen, og at kompetansemiljøet i Elverum kan hjelpe til i einskildsaker.
----------	---

## Krigsmennemonumentet på Bømoen



Organization des Nations  
au Congo

ONUC

1960 - 1964



BETENKT...  
Tilsker denne hunden påkjørselingen av lastebiler?



MÅTE ER FORSKJELLIG...  
men det er stengt.



TRANSPORTOPPDAG.  
Frakommunikasjoner var ikke tilstede den tiden.

UN Emergency Force in  
Gaza

UNEF

1956 - 1967



INTERNASJONAL FORBRODRING:  
Fra India og Uvikk til tjeneste i Gaza.



MP-OPPDAG.  
De lokale kokkene fant det trygt med mp-vakt fra Uvikk.



PROVANTTRANSPORT.  
Det var ikke tilstede motorisert transport kunne nytties.

UN Intern Force in  
Lebanon

UNIFIL

1978 - 1998



UN-ZONE.  
All trafikk inn og ut av FN-kontrollert område ble stoppet og registrert.



RACHAIA EL FOUKAHR - "Pottbyen".  
I røyrene av sine hjem arbeidet folk med det de kunne og alltid hadde gjort.



OP - Tjeneste.  
To timer på - fire timer av. Hele tiden på utkikk.  
Dagene og nattene kunne bli lange.

Veteranane sine eigne bilete frå oppdrag rundt om i verda.

# Forsvaret sitt tilbod

Forsvaret har ei rekke tilbod til veteranar og familiene deira både før, under og etter teneste i internasjonale operasjoner. Forsvaret har eit oppfylgingsansvar i eitt år etter heimkomst. Nokre tilbod og kontaktpunkt kan nyttast heile livet.

Det er viktig å etablera eit godt civil-militært samarbeid der dette er naturleg. Kommunar bør fylgjeleg ha eit lokalt samarbeid med forsvaret der dei har avdelingar. Forsvaret si veteraneneste vil alltid kunne vera eit kontaktpunkt for kommunane.

## Før, under og etter operasjonen

Før utreise arrangerer forsvaret fellessamling for soldatane og familiene deira. Her får familien informasjon om operasjonen og sikkerheitssituasjonen. Dei får tips og råd om korleis dei best kan ta vare på born og forhold til andre nære relasjoner. Familien får også møte andre pårørende.

Under utanlandstenesta har forsvaret ein døgnopen kontakttelefon for pårørende. Via denne telefonen kan viktige meldingar formidlast til dei som er ute. Forsvaret arrangerer familiesamlingar undervegs der det er hensiktsmessig, og vidareformidlar informasjon frå operasjonsområdet til dei pårørende.

På veg heim frå operasjonen har dei tenestegjerande som regel eit opphold på to til tre dagar, kalla mellomlanding. Overgangen til livet heime er ofte stor. Under mellomlandinga vert det gjennomført debrief, samtale med psykolog og erfaringsgjennomgang. Ved heimkomst til Noreg vert det halde ein medaljeseremoni for å heidra soldatane. Dei pårørende vert inviterte til seremonien.

Året etter heimkomst har forsvaret eit oppfylgingsansvar. Etter tre til seks månader får alle ei oppfylging frå forsvaret. Her vert det stilt spørsmål om korleis den fyrste tida etter heimkomst har vore. Etter eitt år

arrangerer forsvaret ei samling der personellet møter kvarandre att for å dela erfaringar om korleis det var å koma heim. På denne samlinga deltek psykolog. Forsvaret si oppfylgingsplikt vert avslutta eitt år etter heimkomst. Alle kan likevel når som helst kontakta forsvaret for spørsmål og informasjon om rettar, hjelp og tilbod.

## Forsvaret sitt veteransenter

Senteret på Bæeria utanfor Kongsvinger er eit rekreasjons- og aktivitetstilboda som kan nyttast av veteranar og familiene deira.

Forsvaretsitt veteransenter kan nyttast både før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar, og tilbyr mellom anna:

- Gratis opphold for veteranar og familiemedlemer til den som tenestegjer i internasjonale operasjonar. Senteret kan også nyttast under permisjon frå utanlandsteneste.
- Gjensynstreff for avdelingar  
[forsvaret.no/veteransenteret](http://forsvaret.no/veteransenteret)

## Forsvaret si opne dør

Open dør for veteranar og veteranfamiliar er eit tilbod til alle veteranar og familiene deira. Her får ein svar på spørsmål om dekorasjonar, dokumentasjon og internasjonale operasjonar, i tillegg til råd og rettleiing om Forsvaret og samfunnet sine ulike tilbod til veteranar – uavhengig av når og kvar tenesta var.

Open dør består av eit tverrfagleg team med både militært og sivilt tilsette. Teamet har lang erfaring med å gje råd og rettleiing til veteranar og familiene deira i samband med internasjonale operasjonar. Dei fleste i dette teamet er sjølv veteranar frå internasjonale operasjonar.

Kontakt: [veteraner@mil.no](mailto:veteraner@mil.no) eller tlf. 800 85 000 (kl. 0800-1500 på kvardagar).

Bilete frå veteranane på Voss sin møteplass, vaktbua på Bømoen



Organization des Nations  
au Congo  
**ONUC**  
1960 - 1964



BETENKT.  
Tilser denne breen påkjenningen av lastebiler?



MÅL ER FORSKJELLIG...  
men det er stengt.



TRANSPORT OPPDRAG.  
Fraktkonvoiene var ikke alltid den beste.

UN Emergency Force in  
Gaza  
**UNEF**  
1956 - 1967



INTERNASJONAL FORBRODING.  
Fra India og Urvik til tjente i Gaza.



MP-OPPDRAF.  
De lokale kokkene fant det trygt med mp-vakt fra Ulvik.



PROVANTTRANSPORT.  
Det var ikke alltid motorisert transport kunne nytes.

UN Interim Force in  
Lebanon  
**UNIFIL**  
1978 - 1998



UN-ZONE.  
All trafikk inn og ut av FN-kontrollert område ble stoppet og registrert.



RACHAIA EL FOUKAHI. "Pottelven".  
I rullene av sine hjem arbeidet folk med det de kunne og altid hadde gjort.




OP - TJENESTE.  
To timer på - fire timer av. Helt tiden på atikk.  
Dagene og nattene kunne bli lang.

Veteranane sine eigne bileté frå oppdrag verda rundt kler veggane.



-Hils gutta



# Informasjon og kontaktar innan varetaking av veteranar

**Regionalt ressurssenter om vold, traumatisk stress og sjølvmordsforebygging, RVTS Vest** -<https://www.rvtsvest.no/> - Tlf. 55 97 66 95

## SIOPS - Skadde i internasjonale operasjoner

Hjelper i oppfølging og rettleiing i møtet med det offentlege, juridisk hjelp og eksperthjelp innan økonomiske spørsmål. [www.siops.no](http://www.siops.no) - Tlf. 22 69 56 50

## NVIO - Norges Veteranforbund for internasjonale operasjoner

**Kameratstøtte.no** - Ei nettbasert rettleiingsteneste for veteranar og familiane deira. Vert driven i samarbeid med NVIO og Mental Helse.

**Kameratstøttetelefonen 800 48 500** - Ein landsdekkjande, døgnbemanna hjelpetelefon der ein får snakka med ein som har tenestegjort utanlands. Du kan vera anonym.

**NVIO leiar** Voss – Bernt Ove Røthe - Tlf. 473 72 014

## NAV Voss

Tlf. 55 55 33 33

## Kompetansemiljøet for veteransaker i NAV

NAV-kontoreti Elverum er landsdekkjande og har spesialkompetanse på veteransaker. Dei kan kontaktast direkte for bistand i enkeltsaker.

### Kontakt:

- Gunn Strand, [gunn.strand@nav.no](mailto:gunn.strand@nav.no) - 907 03 355
- Guri Hammervold Johansen, [guri.hammervold.johansen@nav.no](mailto:guri.hammervold.johansen@nav.no) - 997 22 324
- Mette Seland Pettersen, [mette.seland.pettersen@nav.no](mailto:mette.seland.pettersen@nav.no) - 404 92 115

## Kommunal veterankontakt, Voss

Er du veteran tilhøyrande Voss herad?

Me har ein eigen veterankontaktdersom du lurar på noko eller har konkrete spørsmål rundt tenester og arrangement.

postmottak@voss.kommune.no – 56 51 94 00

## Treng du hjelp til noko?

**Fastlege** - [helsenorge.no/kontakt-fastlegen](http://helsenorge.no/kontakt-fastlegen)

**Familievernkontoret** -

<https://www.bufdir.no/Familie/Kontor/Odda/> Tlf: 466 19 150

**Tildelingskontoret** -

<https://www.voss.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/tildelingskontoret/>

**Kirkens Bymisjon** - [kirkensbymisjon.no](http://kirkensbymisjon.no)

**Alternativ til vold** - [atv-stiftelsen.no](http://atv-stiftelsen.no)

# **FORSVARET**

Forsvaret tilbyr ulike typar støtte til soldatar, veteranar og deira nærmeste.  
Tilboda er viste på forsvaret sine nettsider: [forsvaret.no/veteraner](http://forsvaret.no/veteraner)

## **Nokre av tilboda er:**

**Forsvaret si grøne linje, eit samarbeid mellom Forsvaret og Kirkens SOS.** Telefon: 800 30445

**Forsvaret si “opne dør” for førespurnadar frå veteranar**  
Telefon: 800 85 000 (kvardagar mellom 8 og 15)

**Kontoret for psykiatri og stressmestring  
og Nasjonal militærmedisinske  
poliklinikk**  
Tlf. 23 09 79 30

**Forsvarets veteransenter**  
Bæreiavegen 588, 2208 Kongsvinger  
Tlf. 62 82 01 00  
[veteransenteret@mil.no](mailto:veteransenteret@mil.no)  
[forsvaret.no/veteransenteret](http://forsvaret.no/veteransenteret)



Voss herad sin Veteranplan er laga etter initiativ frå NVIO og ordførar. Kommunalavdeling for kultur og fritid ved rådgjevar Thor Morten Trå har utarbeidt planen basert på Stortinget si oppmoding om at alle kommunar bør ha ein eigen veteranplan. Trå har i samarbeid med NVIO og Forsvaret si veteranteneste funne fram til den beste malen for ein god veteranplan. Bodø kommune har laga ein god og velfungerande veteranplan, difor er denne lagt til grunn for kva Voss Herad sin veteranplan bør innehalda. Lokale behov og tilpassingar er lagde inn i planen. Veterantenesta og NVIO har fått planen til gjennomsyn, og har godkjent han. Planen skal vera levande, og reviderast kvart år.

Planen må gjerast kjent internt og eksternt i Voss Herad.

#### Kostnadsvurdering:

Dei konkrete tiltaka vil medføra noko behov for arbeidskraft og finansiering.

#### Tiltak

8. mai, frigjerdings- og veterandagen	Heradet vil styrkja det årlege 8. mai arrangement for veteranane i heradet, med ordføraren som ansvarleg. Alle veteranar i kommunen vert inviterte til eit ope arrangement, helst i Vangskyrkja. Estimert kostnad: 12.000. (Underhaldning 8000, servering 4000 kr).
FN-dagen	Skulane vert oppmoda til å nyttalokale veteranar i undervisninga i samband med FN-dagen 24. oktober eller der det vil passa med undervisningsplanane. Kostnad: Ingen
Monument og flagging	Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for monument. Flaggrutinar skal gjennomgåast. Det vert drøfta om det skal lagast ein minnelund med veteranmonument vest for Vangskyrkja, sjá eige utarbeidd framlegg. Kostnad: Veteranane vil søkja ekstern finansiering for minnesmerket, men heradet bør uansett laga ein park/møtestad, og får her gratis og verdig innhald frå veteranane.
Veterankontakt	Heradet opprettar ein veterankontakt. Thor Trå utfører no denne oppgåva. Opgåva tek moderat med arbeidstid.
Born som pårørande	Familiesenter og skulehelsetenesta har allereie ansvaret.
Årleg gjennomgang	I samband med 8. mai-arrangementet vert det gjennomført ein årleg oppsummering i heradet.
Kommunehelse-tenesta	Kommunehelsetenesta nyttar seg av kompetansemiljøet ved Regionalt ressurssenter (RVTS) for å styrkja den faglege kompetansen der det er behov. Gratis intern kommunikasjon.
Nettside	Det vert lagt til rette for oppretting av heradet si veterannettseite i 2020. Nettsida skal vera ein digital versjon av den kommunale veteranplanen.
Informasjonsmateriell	Det skal utformast informasjon om tilbodet for veteranar. Informasjonen skal vera tilgjengeleg for samarbeidspartar. Her nyttar ein mest digitale plattformer. Trykt materiale ca. 16.000 kr kvart 4. år.

Totale årlege kostnader er stipulerte til 16.000 kr.

Stipulert årsverk i arbeid: 0,1 per år.